



Møteprotokoll

Utval	Kommunestyret
Møtestad	Rådhuset
Dato	21.05.2026
Tidspunkt	kl 10:00 - 14:20

Frammøtte	Parti
Geir Arne Kvam	AP
Gunn Beate Thorsnes Lefdal	AP
Helene Selland	AP
Jonny Gjerde	AP
Kåre Hønsi	AP
Oddstein Haugen	AP
Svein Tore Heltne	AP
Vivian Kvam	AP
Ernst Veum	FrP
Britt Dagrunn Brugrand	H
Elisabeth Stokkenes	H
Geir Arve Sandvik	H
Jonatan Hurthi	Krf
Ole Martin Brennsæter	Krf
Andreas Wollnick Wiese	SP
Ann Kristin Sperle	SP
Einar Bolstad	SP
Knut Hauge	SP
Magnar Bjørk	SP
Martha Boksasp Lerum	SP
Marthe Gjerde	SP
Olav Høyheim Einan	SP
Liv Endresen	SV
Kjetil Melheim	V

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Marianne Bugge	SP	Charlotte Alme Bringe	SP

,

Andre som møtte:

Kommunedirektør Jon Bolstad med unntak av sak 37 (ugild) sak 38 og 39 på grunn av deltaking i anna møte,
ass. kommunedirektør Ole Gunnar Krakhellen i sak 38 og 39, gjekk frå som ugild i sak 37,
økonomisjef Odd Harald Dommersnes med unntak av sak 37, politisk sekretariat Anita Bjørk Ruud.

I starten av møtet vart tilgjengeprisen 2026 overrekt til Fun Club v/Hege Molin.

Mona Åsen og Mette Alme frå rådet for personar med funksjonsnedsetting var til stades i møtet ved markering av tilgjengeprisen og ved handsaming av sak 25/27.

Lustrabadet v/dagleg leiar Kent Monsen møtte i sak 26.

Kommunalsjef John Olaf Røhme møtte i sak 27.

Økonomisjef Odd Harald Dommersnes møtte i sak 35 og 36.

Underskrifter:

Martha Boksasp Lerum

Kåre Hønsi

Andreas Wollnick Wiese
ordførar

Jon Bolstad
kommunedirektør

Saksliste

Saknr	Sakstittel
23/26	Konstituering av møte
24/26	Orienteringssak: møteprotokoll frå sist møte
25/26	Årsmelding for rådet for personar med funksjonsnedsetting for 2025
26/26	Årsmelding Lustrabadet KF 2025
27/26	Helse- og omsorg mot 2030. Val av alternativ og føringar for nytt bygg
28/26	Søknad om lån frå næringsfondet -driftsbygning til sau på gbnr. 111/2
29/26	Søknad om lån frå næringsfondet - Ombygging av driftsbygning på gbnr. 133/26
30/26	Søknad om lån/tilskot frå næringsfondet - Oppgradering av tilkomstveg og hytteområdet - Lyngmo Ungdomssenter AS
31/26	Søknad om lån/tilskot frå næringsfondet - heilårshytter - Sandvik Camping AS
32/26	Lån frå næringsfondet - forskottering av spelemidler til Sogn skisenter - Sprintløype
33/26	Val av ny varamedlem kontrollutvalet
34/26	Samarbeidsavtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid for miljø, ureining og tilsyn av private avløp
35/26	Årsrapport for 2025 Luster kommune
36/26	Kvartalsrapport 1. kvartal
37/26	Oppnemning av settekommunedirektør - endring av Skjolden storvald
38/26	Orienteringar, drøftingar og open post
39/26	Referatsaker

23/26 Konstituering av møte

Kommunestyret 21.05.2026

Handsaming

- Opprop, forfall Marianne Bugge, vara Charlotte Alme Bringe.
- Godkjenning av innkalling, *ingen merknad*.
- Godkjenning av sakliste, *ingen merknad*. Geir Arve Sandvik ba om at sak 37 vert handsama til slutt i møtet.
- Godkjenning av dagsorden, det er innmeldt fire saker på open post
- Martha Boksasp Lerum og Kåre Hønsi vart føreslegne til å godkjenne og signere protokoll frå dagens møte. Dei vart samrøystes valde.

KOM - 23/26 vedtak

Martha Boksasp Lerum og Kåre Hønsi vert valde til å godkjenne og signere protokoll frå dagens møte.

24/26 Orienteringssak: møteprotokoll frå sist møte

Kommunestyret 21.05.2026

Handsaming

Det var ikkje merknad til protokoll frå sist møte.

KOM - 24/26 vedtak

Protokoll frå sist møte, den 19.03.26 vert referert utan merknader.

25/26 Årsmelding for rådet for personar med funksjonsnedsetting for 2025

Kommunestyret 21.05.2026

Handsaming

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

KOM - 25/26 vedtak

Kommunestyret tek årsmeldinga frå rådet for personar med funksjonsnedsetting 2025 til orientering.

26/26 Årsmelding Lustrabadet KF 2025

Kommunestyret 21.05.2026

Handsaming

Dagleg leiar i Lustrabadet KD, Kent Monsen var til stades og svara på spørsmål. Lustrabadet KF si tilråding vart samrøystes vedteken.

KOM - 26/26 vedtak

Kommunestyret tek årsrapport 2025 frå Lustrabadet KF til orientering.

27/26 Helse- og omsorg mot 2030. Val av alternativ og føringar for nytt bygg

Kommunestyret 21.05.2026

Handsaming

Svein Tore Heltne og Ole Martin Brennsæter gjekk frå som ugilde, jf. kommunelova § 11-10, andre ledd.

Administrasjonen orienterte i møtet. Presentasjon ligg vedlagt i saka.

Tilleggsframlegg i møte frå Knut Hauge, på vegner av alle partia:

nytt punkt 11

Kommunedirektøren kjem attende til kommunestyret med sak om etterbruk av Luster omsorgssenter (lokasjon Luster) og etterbruk av Hafslo omsorgssenter (lokasjon Hafslo).

nytt punkt 12

Kommunedirektøren skal halde kommunestyret løpande orientert.

Formannskapet si tilråding med tilleggsframlegg i møtet vart samrøystes vedteke.

KOM - 27/26 vedtak

Nytt helse – og omsorgssenter:

1. Nytt helse- og omsorgssenter vert planlagd og utvikla i tråd med mediumalternativet, slik dette er greidd ut i saka
2. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre anskaffing av totalentreprenør og utarbeide forprosjekt.
3. Det vert lagt til grunn ei total kostnadsramme på 765 mill. kr for prosjektet. Ramma vert innarbeidd i økonomiplanen, med atterhald om endeleg investeringsvedtak etter gjennomført forprosjekt.
4. For å redusere presset på kommuneøkonomien vert det henta 100 mill. kr frå kommunen sitt disposisjonsfond til finansiering av prosjektet.
5. Gjennom forprosjektet skal prosjektet utviklast innafor ei økonomisk ramme der Luster kommune sitt lånebehov for investeringa ikkje overstig 371 mill. kr.

6. Utarbeidd miljøprogram skal vere styrande for vidare planlegging, prosjektering og gjennomføring av prosjektet.
7. Kommunedirektøren kjem attende til kommunestyret med sak om endeleg investeringsvedtak og kostnadsramme etter gjennomført forprosjekt.

Gaupne omsorgssenter:

8. Fornying av Gaupne omsorgssenter vert planlagd og utvikla i tråd med mediumalternativet, slik dette er greidd ut i saka.
9. Kommunedirektøren kjem attende til kommunestyret med sak om endeleg investeringsvedtak og kostnadsramme etter gjennomført forprosjekt.

Helsesenteret:

10. Kommunedirektøren kjem attende til kommunestyret med sak om etterbruk av Helsesenteret. Vurderingstema kan vere: NAV/Tenestekontor/transformasjon til bustader.
11. Kommunedirektøren kjem attende til kommunestyret med sak om etterbruk av Luster omsorgssenter (lokasjon Luster) og etterbruk av Hafslo omsorgssenter (lokasjon Hafslo).
12. Kommunedirektøren skal halde kommunestyret løpande orientert.

28/26 Søkna om lån frå næringsfondet -driftsbygning til sau på gbnr. 111/2

Kommunestyret 21.05.2026

Handsaming

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

KOM - 28/26 vedtak

Kommunestyret gjev eit næringslån i næringsfondet stort kr 878 000 til Erlend Fet. Lånet er rente- og avdragsfritt i to år, nedbetaling over dei 13 neste åra. Lånet har halve rentesatsen av øvrige næringslån i resten av perioden. Lånet skal sikrast med pant i eigedomen.

29/26 Søknad om lån frå næringsfondet - Ombygging av driftsbygning på gbnr. 133/26

Kommunestyret 21.05.2026

Handsaming

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

KOM - 29/26 vedtak

Kommunestyret gjev eit næringslån i næringsfondet stort kr 1 839 000 til Øyvind Skovly. Lånet er rente- og avdragsfritt i to år, nedbetaling over dei 13 neste åra. Lånet har halve rentesatsen av øvrige næringslån i resten av perioden. Lånet skal sikrast med pant i eigedommen.

30/26 Søknad om lån/tilskot frå næringsfondet - Oppgradering av tilkomstveg og hytteområdet - Lyngmo Ungdomssenter AS

Kommunestyret 21.05.2026

Handsaming

Ole Martin Brennsæter gjekk frå som ugild etter forvaltningslova § 6.1 ledd nr e, styremedlem.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

KOM - 30/26 vedtak

Kommunestyret gjev Lyngmo Ungdomssenter AS eit næringslån i næringsfondet stort kr 800 000,-. Lånet vert gjeve med rente og avdragsfri periode på to år og skal deretter betalast ned over 13 år. Lånet er eit pantelån.

31/26 Søknad om lån/tilskot frå næringsfondet - heilårshytter - Sandvik Camping AS

Kommunestyret 21.05.2026

Handsaming

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

KOM - 31/26 vedtak

Kommunestyret gjev Sandvik Camping AS eit næringslån i næringsfondet stort kr 1 300 000,- til bygging av 2 nye høgstandard hytter. Lånet vert gjeve med rente og avdragsfri periode på to år og skal deretter betalast ned over 13 år. Lånet er eit pantelån.

32/26 Lån frå næringsfondet - forskottering av spelemidlar til Sogn skisenter - Sprintløype

Kommunestyret 21.05.2026

Handsaming

Ernst Veum gjekk frå som ugild, etter forvaltningslova § 6.1 ledd nr e, styremedlem. Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

KOM - 32/26 vedtak

Luster kommune forskoterer spelemidlar til Sogn Skisenter sitt anlegg sprintløype ved Sogn Skisenter Hafslo (anleggsnummer 58888) med inntil kr 4 431 000. Forskotteringa vert finansiert via eit rentefritt lån i næringsfondet.

33/26 Val av ny varamedlem kontrollutvalet

Kommunestyret 21.05.2026

Handsaming

Valet var samrøystes som formannskapet si tilråding.

KOM - 33/26 vedtak

Kommunestyret vel Magnus Snøtun V som fyrste varamedlem i kontrollutvalet for gruppa AP, SV og V.

Kommunestyret vel Jon Ove Lomheim V som tredje varamedlem i kontrollutvalet for gruppa AP, SV og V.

34/26 Samarbeidsavtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid for miljø, ureining og tilsyn av private avløp

Kommunestyret 21.05.2026

Handsaming

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

KOM - 34/26 vedtak

1. Luster kommune vedtek samarbeidsavtale om miljø, ureining og tilsyn av private avløp, jf kommunelova § 20-4 andre ledd.
2. Kommunestyret i Luster kommune delegerer til Sogndal kommune å treffe vedtak i saker som gjeld miljø, ureining og tilsyn av private avløp, jf kommunelova §§ 20-1 og 20-2. Delegeringa omfattar ansvaret som er nærare spesifisert i punkt 3 i samarbeidsavtalen, og gjeld frå vertskommunesamarbeidet er etablert.

35/26 Årsrapport for 2025 Luster kommune

Kommunestyret 21.05.2026

Handsaming

Administrasjonen orienterte om årsrapporten. Presentasjonen ligg vedlagt i saka.
Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

KOM - 35/26 vedtak

1. Kommunestyret tek kommunedirektøren sin årsrapport for 2025 til orientering
2. Kommunestyret godkjenner rekneskapen for Luster kommune for 2025 med netto driftsresultat på 33 162 000,-. Den konsoliderte årsrekneskapen viser eit netto driftsresultat med 32 867 000,-.

36/26 Kvartalsrapport 1. kvartal

Kommunestyret 21.05.2026

Handsaming

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

KOM - 36/26 vedtak

Kommunestyret tar regnskapet for fyrste kvartal til orientering.

37/26 Oppnemning av settekommunedirektør - endring av Skjolden storvald

Kommunestyret 21.05.2026

Handsaming

Saka vart handsama som siste sak i møtet.

Ordførar Andreas Wollnick Wiese og ass kommunedirektør Ole Gunnar Krakhellen gjekk frå som ugilde.

Varaordførar Geir Arve Sandvik leia møtet under handsaming av saka og presenterte tilrådinga.

Kommunestyret vedtok med heimel i kommunelova § 11-5 å handsame saka i lukka møte.

Varaordførar si tilråding vart samrøystes vedteken.

KOM - 37/26 vedtak

Kommunedirektøren i Sogndal, Jarle Skartun, vert oppnemnd som settekommunedirektør i sak om endringar av Skjolden storvald.

38/26 Orienteringar, drøftingar og open post

Kommunestyret 21.05.2026

Handsaming

Orientering:

- Ordførar orienterte om fråsegn frå Sognaregionen om føreslegne endringar i konkurransegrunnlaget om regional flyrutedrift i Sør-Noreg frå 1.nov 2027. Fleirtalet på Stortinget gjekk imot dette forslaget frå Regjeringa. Det var gledeleg.
- Ordførar informerte også om forslag til endringar i konsesjonskraftordninga, der datasenter vert lagt inn som kraftkrevjande industri og ikkje kan fakturerast med konsesjonskraft. Kommunen vil då ikkje kunne tene peng på datasenter ved å bruke konsesjonskraft der. Potensialet ved å bruke resten av konsesjonskrafta vert teke bort.
Landssamanslutninga for vasskraftkommunar jobbar for medlemskommunane i denne saka. Ordførar kan informere meir på neste møte når det har skjedd ei utvikling i saka.

Open post:

Ole Martin Brennsæter hadde skriftleg spørsmål til ordførar om undervisningsopplegg om mangfold der pride er tema. Spørsmål og ordførar sitt svar følgjer vedlagt saka.

Brennsæter hadde oppfølgingsspørsmål som ordførar svarar ut ved seinare høve.

Jonny Gjerde viste til kommunestyret sitt vedtak om ruspolitisk handlingsplan der det er målsetjing om å førebygge tidleg debut på alkoholbruk. I handlingsplan for planen er eit tiltak å arrangere rusfritt arrangement ved Lustrabalder. Han stilte spørsmål ved om skjenkeløyve til Lustrabalder, rererert i formannskapet er gjeve i tråd med ruspolitisk handlingsplan. Han oppfordra ordførar til å jobbe for at arbeidet med å få u18 konsert som rusfritt arrangement ein av dagane på Lustrabalder neste år kan kome i gang, og at arbeidsgruppa nemnd i planen kan jobbe for det.

Jonny Gjerde etterspurde om kommunen har handsama ev. utviding av skjenketid under fotball VM.

Ordførar svara at skjenkeløyve til Lustrabalder er gjeve som delegert vedtak i administrasjonen, og formannskapet har ikkje drøfta saka. Ordførar tok mot oppfordringa for Lustrabalder neste år.

Kommunen har ikkje teke i mot førespurnad om utvida skjenking under fotball-VM, og ordførar ser ikkje behov for å handsame den saka.

Geir Arve Sandvik stilte spørsmål ved kvifor me skal vere så restriktive samanlikna med i byar. Sandvik er usamd med Jonny Gjerde. Lustrabalder har allereie utfordringar med å gå i balanse. Om Lustrabalder får restriksjonar, trur ikkje Sandvik det blir Lustrabalder. Jonatan Hurthi informerte om at Ungdommen sitt kommunestyre arbeider for å arrangere Blås Grønt på Lustrabalder, og oppmoda til å ha god dialog med Lustrabalder og Politiet slik at Lustrabalder vert ein trygg arena for ungdom og ikkje vert ein arena for tidleg alkoholdebut.

Marthe Gjerde ba om status på avhending av kommunale bygg, særleg næringsbygget i Jostedal og spurde om det har vore vurdert å auke leigeinntekter på bygget. Vil bygget bli lagt ut for offentleg sal slik at alle interessentar kan by.

Ass. kommunedirektør svara at det i budsjettprosessen vart peika på tre eigedomar for ev. sal; Gamlestova barnehage, Jostedal næringsbygg og billagsgarasje på Hafslo. Kommunen har bestilt takst på Jostedal næringsbygg. Prosess vidare er ikkje avklart, men formannskapet skal godkjenne eventuelt sal. Innteningar på bygget er i overkant av 100 000 pr. år. Motivasjon er å få større aktivitet i bygget og meir arbeidsplassar, så ser me vidare korleis prosessen blir.

Ernst Veum spurde om fv. 55 der reguleringsplan har lege ute på høyring, og det er ikkje kome motsegner til planen. Når får kommunestyret denne saka til handsaming, slik at me kan starte å jobbe opp mot sentrale politikarar for å få midlar til vegen?

Ordførar svara at me ventar på fylkeskommunen i høve handsaming av sak om fylkesveg 55, forhåpentleg ganske snart. Kommunen har dialog med fylket i saka. Gjennom fylket er det uttalt tydeleg at det ikkje er midlar til å prioritere nokon nye vegprosjekt, men berre vedlikehald eller kritisk vedlikehald vil kunne få løyvingar. Fylkesvegen innover er dårleg fundamentert og det er behov for kritisk vedlikehald fleire stader. Medan me ventar på større løyvingar arbeider ei gruppe for å vurdere utbetringstiltak på kortare sikt. Saka om reguleringsplan kjem til handsaming så snart me får den oversendt.

Ernst Veum viste også til nedlegging av skulen i Solvorn, der økonomi og barnets beste har vore grunngjeving. Kan ordførar forklare grunngjeving for utsagnet om at ved å legge ned Solvorn så redda me dei andre skulane?

Ordførar svara at kostratal syner at på oppvekst ligg me høgare enn samanliknbare kommunar. Luster har valt å oppretthalde struktur med oppvekstsenter. Ved å legge ned i Solvorn, frigjer me investeringsmidlar og driftsmidlar, midlar til å bruke på andre skular. Økonomi og barnets beste vart vurdert. Det vesle skulemiljøet i Solvorn ligg nært opp til eit større skulemiljø på Hafslo, det vart også vektlagt. Årleg innsparingseffekt på rundt 3 millionar kr.

Ann Kristin Sperle delte ein refleksjon kring Brennsæter sitt innlegg.

Det er skilnad på undervisning i klasserom og markering av hendingar.

Føresette kan be om fritak frå at deira barn kan delta på markering av pride. Det som skjer i klasserom følgjer læreplanar, og det kan ikkje Luster kommunestyre påverke.

Sperle refererte også til Utdanningsdirektoratet om dagens verdigrunnlag som har vokse fram gjennom mange år og som er forankra i lov og læreplanar. Skulen har ansvar for utdanning og danning og skal skape gode samfunnsborgarar som er førebudde for dagens og framtidens samfunn. Fri ytring og diskusjon er avgjerande for å lukkast med å fremje likeverd

og motverke fordommar og diskriminering. Lærarar og skulen har ansvar for at klasserom blir ei trygg ramme som alle kan ytre seg i.

KOM - 38/26 vedtak

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

39/26 Referatsaker

Kommunestyret 21.05.2026

Handsaming

Ordførar orienterte om referatsaka.

KOM - 39/26 vedtak

Referatsaka vert teke til orientering.